



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2134 - 19/20296

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

25.06.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 214/126

Byggjestad: Gbnr: 214/126
Tiltakshavar: Nina Askeland Hay
Ansvarleg søkjar: Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.06.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Slik kommunen forstår følgjebrevet kjem ikkje alle endringane klart nok fram i dokumenta som er sendt til kommunen.

I opprinnelege fasadeteikningar er det søkt om å etablere ein open overbygd terrasse mot vest. I fasadeteikningane i endringssøknaden er delar av arealet både over og under terrassen er kledd inn. Det ligg ikkje ved planteikning for 1. etasje som viser endringa. Det går ikkje klart fram om endringa endrar på tilkomsten til bustaden.

Vi kan ikkje sjå at tilhøva til dispensasjon frå byggegrense mot E39 vert berørt av endringa, så det er ikkje naudsynt å søke om dispensasjon for endringa.

For at endringa skal bli best mogleg handtert ber vi om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen meiner endringa er for omfattande til at nabovarsling av næraste naboar kan unnlatast. Vi ber om at eigedommane med gbnr 214/142, 214/149 og 214/199 vert varsla om endringa.
2. Det må sendast inn ny planteikning av 1 etasje.
3. Vi ber om utfyllande informasjon om endringa. Mellom anna ynskjer vi attendemelding på følgjande; Vil tilkomst til bueining bli endra? Ifølge planteikning for 2. etasje vil det være direkte tilkomst frå stove til rom for heissjakt. Er tilkomst og planløyising i samsvar med teknisk forskrift eller må det søkast om fritak frå krav i TEK? Skal «rom til heissjakt» inngå i BRA for bustaden? Vil endringane påverke forhold rundt sikkerhet ved brann?
4. Blankett 5175 må sendast inn på nytt i samsvar med endringane.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.08.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nina Askeland Hay	Tysse	5284	TYSSEBOTNEN
-------------------	-------	------	-------------

Mottakarar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
---------------------------------	-------------	------	---------